



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar andre kvartal 2026

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme, inkludert inndregne midlar,	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
Straumstøtte		Les meir her .	
SMIL	Ny frist 1. september	41 000	144 000
Tiltak i beiteområde	Ny frist 1. september	21 000	
Produksjonstilskot del 2	15. oktober		
Regionalt Miljøprogram, RMP	15. oktober		
Drenering	Løpande , rest per 1/7	57 000	130 000
Tilskot til skogkultur	Løpande	200 000	100 000
Tilskot til taubane	Løpande		

Massehandtering i landbruket

Frå tid til anna, får bønder tilbod om mottak av massar i samband med ulike tiltak. Dette kan vere ein stor fordel, då det ikkje bestandig ein sjølv har tilgang på ønska masse. Det er viktig å hugse på at det kan vere tiltak knytt til desse massane som kan vere søknadspliktige.

Masselagring **UTOVER** to månader er også søknadspliktig og dette må vere i orden i forkant før du tek i mot massane. I nokre tilfelle må også kommunen innhente høyringsfråsegn frå andre instansar slik at det å få løyve kan ta tid. Uansett skal massane vere dokumentert [reine](#).

Elles nemner vi tiltak som er typiske føremål for bruk av massar som er søknadspliktige:

- Landbruksvegar
- Nydyrking
- Terrengheving utover tre meter, under tre meter kan også vere søknadspliktig
- Planering over eitt dekar er søknadspliktig etter ureiningslova
- Ved planering under eitt dekar, skal kommunen førehandsgodkjenne inngrepet
- [Massefyllingar i jordbruksområde](#)

Om du har planar om å ta i mot massar til bruk til eit eller anna landbruksføremål, ta kontakt med oss for avklaring av søknadsplikt i god tid slik at dette går så smidig som mogleg.

Har du endringar i gardskartet?

Dersom det er endringar i areal på landbrukseigedom og kommunen skal rette dette må vi ha melding innan **5. august 2026**.

Lærling i landbruket

Det er no innført eit fagbrev i agronomfaget på linje med andre yrkesretta utdanningsløp med to år på skule og to år i som lærling i bedrift. For å bli lærling i landbruket må ein inngå lærekontrakt med ei godkjend læreverksemd etter å ha fullført VG1 Naturbruk og VG2 Landbruk og gartnarnæring. Læretida er vanlegvis to år og fører fram til eit fagbrev i landbruksfag.

Vestland fylkeskommune koordinerer godkjenningar og oppfølging av lærlingar. Vi håpar at det er mange landbruksbedrifter som kan vere interessert i å vere lærebedrift slik at vi får utdanna mange dyktige agronomar med fagbrev i åra som kjem.

[Du kan lese meir om det å vere lærebedrift hos Vestland fylkeskommune.](#)

Ny ordning for søknad om bruk av utanlandske treslag

Utplanting av utanlandske treslag er søknadspliktig av omsyn til naturmangfaldet og at utanlandske treslag ikkje skal fortrenge dei norske, naturgjevne treslaga. Det er ikkje forbode å nytte utanlandske treslag, men det krev altså løyve etter [forskrift om utsetting av utanlandske treslag](#).

Søknad om utplanting av utanlandske treslag gjeld både om du ynskjer å nytte utanlandske treslag i skogbruket eller til produksjon av juletre eller pyntegrønt. Frå i vår er det ny digital søknadsordning som du skal nytte. [Denne finn du hos Miljødirektoratet](#).



*Naturleg forynging av sitkagran.
Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.*

[Du kan også lese meir om denne ordninga i ein artikkel frå Statsforvaltaren i Nordland.](#)

Ansvar for beitedyr og gjerde

I beitesesongen dukkar det ofte opp spørsmål om kven som har ansvaret når det kjem beitedyr inn på andre eigedomar. Det ligg ute ein informasjonsartikkel om dette på heimesidene til både Gloppen kommune og Stad kommune. Kommunen minner også om at dyreeigar har ei plikt til sjå etter dyra sine (vaktarplikta) og sjekke at alle dyr er friske.

<https://gloppen.kommune.no/aktuelt-og-nyheiter/lurer-du-pa-kven-som-har-ansvaret-dersom-sau-eller-andre-beitedyr-kjem-inn-pa-eigedom-din.203201.aspx>

<https://stad.kommune.no/nyhende/beitedyr-pa-private-eigedomar.15337.aspx>

Forskrift om lokal bandtvang i Stad kommune

Stad kommune har vedteke ei oppdatert forskrift om utvida bandtvang i Stad kommune. Det betyr at i tillegg til den ordinære bandtvangstida i [hundelova § 6](#) frå 1. april til 20. august, vert bandtvangen i Stad kommune utvida til 20. oktober i dei områda der husdyr har rett til å beite og faktisk beiter. På Stadlandet der husdyr går på heilårsbeite vert det bandtvang heile året.

Unntak er lista i sjølve forskrifta. Lenke til forskrifta:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2026-05-07-861>

JOB:U 2026 – sommarjobb for ungdom i skogbruket



*JOB:U-gjengen 2026 i Stad klar for innsats!
Foto: Ruben Bøtun, Skogselskapet i Sogn og Fjordane.*

No er lokale ungdomar både i Gloppen og Stad i gang med årets sommarjobb i skogen. Nokre av desse har fått prøve seg på planting, medan dei i all hovudsak skal utføre ungskogpleie for skogeigarar med behov for dette i dei to kommunane i vekene framover.

Dei har hatt tre kursdagar i veke 26 både med praktisk og teoretisk opplæring under god rettleiing frå Skogselskapet i Sogn og Fjordane og Skogkurs.

Målet med prosjektet er å gje lokale ungdommar eit innblikk i kva skognæringa er og syne dei moglegheitene for ei karriere i skogbruket her på Vestlandet. Samstundes får skogeigarane sårt tiltrengd ungskogpleie av bestanda sine som gjer skogen meir robust og stormsterk og aukar verdien fram mot hogst om 50-60 år.

Søknad om skogfond og tilskot til planting

Det har vore stor planteaktivitet denne våren og vi minner om at det er høve til å sende inn søknad om skogfond og søkje om tilskot til planting så raskt du har fått faktura for planter og ev. utført planting. [Du kan søkje elektronisk hos Landbruksdirektoratet.](#)

Om du ynskjer å fylle ut skjema og sende inn, så får du dette ved å kontakte oss på landbrukskontoret. Hugs at i tillegg til utfylt skjema, så skal du legge ved kart over området der det er planta i tillegg til kopi av faktura av kjøpt planter og ev. arbeid med planting.

Hjort

Fellingsavgift på høyring – frist 31. juli

Alle kommunar skal no legge fellingsavgifta inn i ei forskrift. Fellingsavgifta er lagt inn i forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort. Då endringar til minstearealet skal gjerast før 15. mars, er det berre fellingsavgifta som er på høyring. Høyringsfristen er 31- juli 2026.

Meir informasjon på kommunen sin heimeside.

Stad: https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/innsyn/hoyringar/#/details/h-f4ca7a0b_fd6b_4296_a166_43451b90fc24-2022027969!6SzBNE

Gloppen: [Høyring: Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift - Gloppen kommune](#)

Fri kalv

Alle godkjente vald i Gloppen og Stad kommune kan nytte seg av kvotefri jakt på kalv. Meir informasjon, samt spørsmål og svar, ligg på hjortevilt.no.

Jaktleiar, eventuelt jeger/jaktrettshavar, er ansvarleg for at alle felte kalvar, inkludert dei som er felt som fri kalv, rapporterast inn. Valdleiar er ansvarleg for å sende inn fellingsrapporten som inkluderer all felt hjort. Det skal betalast fellingsavgift for alle felte dyr, inkludert eventuelle ekstra kalvar.

Kvifor skyte kalv?

Kalven har naturleg høgare dødelgheit, spesielt gjennom ein hard vinter. Hjorteviltbestandane er frå naturens side tilpassa eit høgt uttak av kalv. Ved høg bestandstettleik er det ofte ungdyra (kalven frå hausten før) som taper i beitekonkurransen på sommaren. Eit høgt uttak av kalv vil gje betre levevilkår til overlevande ungdyr sommaren etter.

Regler om sal av hjortekjøtt

Viltkjøtt er ein fantastisk matressurs, men Landbrukskontoret minner om at all omsetning av kjøtt frå jakt på hjortevilt er underlagt strenge hygienereglar. Alle som omset kjøtt må etterleve ei rekke krav. Mellom anna at berre friske dyr skal bli til mat og at kjøttet er handtert slik at risiko for bakteriar er minimal.

Jegerar kan omsette heile eller grovparterte dyr (maksimalt delt i 8 delar) til privatpersonar som ikkje kan selje kjøttet vidare, føresett at dette skjer på ein trygg og hygienisk måte. Jeger er alltid ansvarleg for det kjøttet han sel eller gjev vekk (Matlova § 16). Jegerane kan også levere kjøtt til godkjente vilthandteringsanlegg saman med indre organ og hovud. Då vert det kontrollert av Mattilsynet.

Men dersom ein jeger ynskjer å selje parterte dyr (slakt delt opp i meir enn 8 delar), vert aktiviteten definert som **matproduksjon** og hygieneregelverket vert gjeldande. Mellom anna må jeger registrere seg som næringsmiddelverksemd og ei rekke krav vert stilt, mellom anna

hygienekrav til lokale og utstyr, sporbarheit, HACCP, og merking. I tillegg er det krav om å registrere verksemda hjå Mattilsynet.

Meir informasjon kan du finne på Mattilsynet sine heimesider: [Krav når viltkjøtt skal seljast eller gis bort | Mattilsynet](#).

Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal lvo

Styret i utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal lvo har vore på synfaring til Dalsbøen for å høyre om og sjå på buføringsvegen i Traudalen. Det vart gjennomført styremøte same dag. Alle søkjarar skal ha fått tilbakemelding på kva midlar som har blitt fordelt ut.

Bærprosjektet: Produsentbesøk i sommar

Torsdag 25. juni arrangerte prosjektet «Rekruttering til bærneringa i Gloppen, Stad og Stryn» eit besøk hos Stein Hauge. Vi fekk høyre om produksjon av både jordbær i tunnel, bjørnebær og bringebær. Ei kjekk og lærerik stund.

Prosjektet arrangerer to turar til i løpet av sommaren/hausten:

- Bringebær: Besøk hos Stine Rake i Loen i midten av august, ein kvardag kl. 18-20
- Solbær/rips/aronia: Besøk hos BareBær i Borgund laurdag 12. september kl. 12

Begge desse produsentane har produksjon på ulike slag bær/frukt, og driv òg eigen vidareforedling.

Turane er eigna for alle som er interesserte i bærproduksjon. Dei som vurderer oppstart i større eller mindre skala kan få mykje nyttige tips og kunnskap, og dei som er etablerte i næringa kan få fagleg påfyll. Dette blir fine anledningar til å treffe andre med same interesse!

Det kjem e-post frå landbrukskontoret med eksakte datoar og meir informasjon når det nærmar seg. Følg med!

Ny ordning for tilskot til klimarådgeving

Tilskot til klimarådgeving gjennom RMP-ordninga er no erstatta av ei eiga tilskotsordning. Jordbruksføretak som har fått klimarådgeving frå eit godkjent rådgevingføretak og utarbeida ein klimatiltaksplan for produksjonen kan søkje. Søknadsfristen er løpande, og søknadsfrist er eitt år etter dato for rådgeving.



Jordbær i modning.
Foto: Trine Alme, Gloppen kommune.

Ordningssida, med meir informasjon og lenke til innlogging/digitalt skjema i Altinn, finn de her:
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-klimaradgiving>

Driveplikt

Lister frå Landbruksdirektoratet viser at inntil 6 % av jordbruksarealet i Gloppen og 20 % av jordbruksarealet i Stad kan vere ute av drift. Det er ei lovfesta driveplikt på all fulldyrka jord, overflatedyrka jord og alt innmarksbeite. Grunneigar har ansvar for å oppfylle den.

Jordbruksareal er ein verdifull ressurs, viktig for både matproduksjon, kulturlandskap og beredskap.

I desse dagar sender landbrukskontoret ut brev til nokre av dei som har areal det ikkje blir søkt produksjonstilskot for, med spørsmål om korleis driveplikta blir oppfylt. Lista er lang, så vi tek litt om gongen.

I nokre område i kommunane våre er det lite dyr, og grunneigarar opplever det vanskeleg å finne nokon som vil drifte. Andre plassar finst det føretak som ynskjer seg meir av både oppdyrka mark og beiteareal. Landbrukskontoret ynskjer god dialog med alle grunneigarar, slik at vi saman kan finne gode løysingar for å ta vare på den dyrebare jordbruksjorda vår!

Vi vil minne om at det skal sendast kopi av alle jordleigeavtaler til kommunen.

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad ynskjer god sommar og god beitesesong!

Helsing Jofrid, Lindis, Bernt, Karoline, Odd-Harald og Trine



*Vi vil ha fleire slike dagar med solglimt for folk og dyr.
Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.*